

Får du varsling?

19.08.2017



Av: Gunhild Enes

Publisert: 10.08.2017 11:00

Oppdatert: 11.08.2017 11:07

Får du varsling?

Får du melding når Stord kommunalteknikk sender ut varsling om arbeid på vass- og avlaupsnett?

Stord kommunalteknikk varslar per telefon dersom det er planlagt arbeid på vass- og avlaupsnett. Melding vert sendt på SMS til mobiltelefon og som talemelding på fasttelefon. For å nå ut til alle kundar, er det viktig at kvar kunde er registrert med riktig telefonnummer.

Privatkunde

Viss me ikkje har fått varsla deg, skuldast det at varslingssystemet vårt ikkje har funne deg. Registeret er i utgangspunktet basert på informasjon frå Folkeregisteret, tele- og mobiloperatorar og Matrikkelen.

Kva kan du gjera?

- Sjekk oppføringa di i 1881.
- Husk å melda frå til Folkeregisteret når du flyttar. Varslingssystemet vårt hentar opplysningar frå Folkeregisteret.
- Registrer deg i tilleggregisteret www.servicevarsling.no dersom du har telefonen registrert på arbeidsgivar eller har reservert deg mot nummeropplysing (hemmelig telefonnummer).

Sårbare abonnentar/bedrifter

Ein sårbar abonnent er når ein er særskild sårbar for brot i vassforsyninga.

Døme på sårbare abonnentar:

- Sjukelhus og medisinske senter
- Legar og tannlegar
- Frisorar
- Barnehagar og skular
- Næringsmiddelprodusentar
- Resturantar og kafear
- Hotel
- Private verksemdar som til dels Kværner Stord, Apply Leirvik og Høgskulen.

Er du oppført med rett adresse og telefonnummer i ulike bedriftsregister og i Brønnøysundregisteret?

Vårt system hentar informasjon frå mange typar register, men er avhengig av at denne informasjonen er oppdatert. Registeret er i utgangspunktet basert på informasjon frå Brønnøysundregisteret (Enhetsregisteret), Postens adresseregister, tele- og mobiloperatorar og Matrikkelen.

Varsling av sårbare abonnentar

Stord kommunalteknikk har eit tilleggregister berekna for varsling av sårbare abonnentar. Registeret er tiltenkt nøkkelpersoner i verksemdar. Dette kan vera styrer, driftsansvarlege eller andre som vil ha varsling om brot i vassforsyninga.

Løysing:

Registrer verksemda di i tilleggregisteret som du finn på nettsida www.servicevarsling.no. Hugs å leggja inn organisasjonsnummer.